

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/23	Formannskapet	PS	15.02.2023
011/23	Heradsstyret	PS	22.02.2023
003/23	Eldrerådet	PS	16.02.2023
003/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	16.02.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Ruud Myking	23/47

Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 190 kr pr time frå 01.01.2023

Formannskapet - 010/23

FS - behandling:

Jarle Skeidsvoll, KRF, sette fram slikt framlegg:

"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023"

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."

AVRØYSTING:

Jarle Skeidsvoll, KRF, sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023.

Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga.

Eldrerådet - 003/23

ELD - behandling:

Møtleiar sette fram slikt framlegg: Rådet støttar innstillinga frå formannskapet.

AVRØYSTING:

Samrøystes

ELD - vedtak:

Rådet støttar innstillinga frå formannskapet av 15.02.2023:

"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023. Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 003/23

RFF - behandling:

Møteleiar sette fram slikt framlegg: Rådet støttar innstillinga frå formannskapet.

AVRØYSTING:

Samrøystes

RFF - vedtak:

Rådet støttar innstillinga frå formannskapet av 15.02.2023:

"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023. Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."

Heradsstyret - 011/23

HS - behandling:

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

HS - vedtak:

Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023.

Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga.

Presisering: Årleg justering gjeld frå og med lønsoppgjeret 2023.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Løn til støttekontaktar i helse og omsorgstenesta vart sist gong justert 01.01.2016 til 150,55 kr pr time. Landsnitt for løn til støttekontaktar ligg i dag på 188 kr pr time.

Totalt hadde vi pr desember 2022, 32 innbyggjarar med støttekontakt. 5 innbyggjarar har fått innvilga støttekontakt, men det har ikkje vore søkjarar til å ta på seg oppdrag som støttekontakt. Det ligg 23 ubehandla søknadar som ventar på å bli kartlagd og saksbehandla. Det er jamlege utlysingar til støttekontaktoppdrag, men det har vore liten respons på utlysingane.

For å auke rekruttering er det det arbeidd med omorganisering av støttekontaktordninga for i større grad få rett støttekontakt til rett brukar og tettare oppfølging i forhold til fagleg rettleiing til støttekontakten. Dette har ikkje pr desember 2022 auka rekrutteringa som støttekontakt.

Vurdering

Det auka behovet for støttekontakt og mangelen på oppdragstakarar gjer det naudsynt å sjå på tiltak

som å auke løn til oppdragstakarane.

Dersom ein aukar løna til støttekontakt til 190 kr pr time vil dette gjere det meir attraktivt å bli støttekontakt.

Folkehelse

Støttekontakt er eit lågterskel tilbod som kan utsetje/dempe behov for helse og omsorgstenester utover støttekontaktenesta. Støttekontakteneste har betydning for både fysisk og mental helse til den som mottar denne tenesta. Støttekontakten sjølv vil også få ein aktivitet som er nyttig opp mot fysisk og mental helse.

Miljø

Økonomi

Auka løn til støttekontakt vil auke dei totale utgiftene. Pr november 2022 var det eit mindreforbruk på 291 000 kr. Budsjettet for 2023 er lagt inn med same nivå som for 2022. Meirkostnadar på løn vil bli dekt inn av mindreforbruket som vil kome dersom det ikkje blir tilsett fleire støttekontaktar.

Konklusjon

Det manglar støttekontaktar i helse, omsorg og sosial. Tiltak som auka støtte og rettleiing opp mot støttekontaktar har ikkje hatt effekt. For å auke insentiva til å søke som støttekontakt er det behov for å justere løn til støttekontaktar i helse og omsorgstenesta i Osterøy kommune. For å være attraktiv så er forslaget å auke løn frå 150,55 kr pr time til 190 kr pr time frå 01.01.2023